

**Eit av Noregs snart 'nye store band' kjem til COMBO til helga. Med Warner i ryggen slepp dei ny plate i mai. At dette er eit band som kjem til å få massiv merksemd er det ikkje tvil om. Den største filmsatsinga her til lands nokon gong, Beatles av Lars Saaby Christensen, vert bygd med dette bandet i sentrum. Ikkje bare skal bandet spela heltane i filmen,- dei får og med fleire heile låtar frå eigen katalog.**

Filmen kjem på kino nokre veker etter Festidalen(29.august). I forbindelse med filmen var dei nett i London og spela inn låtar med Magne Furuholmen (A-ha) i historiske Abbey Road Studio.

Desse fire gutane frå Bergen har allereie hausta staseleg åtgåum med fleire Spellemannsnominasjonar, heftig festivalspeling og liveshows frå utopia. Bandet vert omtala som flinkismusikarar med ekstrem sjarme. Dei pumpar ut uimotståeleg pop med røter i deilig 60-tals rock. Og no kjem dei for å vekka Kvinnherad frå vinterdvalen.

Festidalen har også hanka inn ein røynd DJ til COMBO. Vidar Lund tar med seg stæsjet sitt og tvingar oss til skåling, dansing og gledeshyl mot månen.

Duden er kjend som festivalarrangør, bandagent, og ein DJ som spelar musikk med magisk festpuls. Ikkje gå glipp av denne fabelaktige festkvelden i anda til våren og sommaren som kjem.

Coimbo er så mangt og ein kan velgje å berre gå på låven laurdag for å oppleve Hvitmalt Gjerde og DJ Vidar Lund.

Tekst: Hege Digranes *Marknadsføring FESTIDALEN*

Nett: Ola Matti Mathisen